

## **Vedlegg 2: Evaluering av tiltak gjennomført i førre planperiode**

### **1.1 Soneinndeling (omsynssoner i kommuneplanens arealdel)**

Ulike område vil ha ulik verdi for ulik bruk. Areal kan t.d. ha høg eller låg verdi som beiteareal ut frå beitekvalitet eller plassering i høve til stølar eller anna. Tilsvarande vil ulike område ha ulik interesse for turisme/fritidsføremål. Ved å vekte slike bruksegenskapar gjennom indeksar for ulike kriterium og kvalitetar kan verdiane gjerast tydeleg for dei ulike arealinteressene. Gjennom arbeidet med kommuneplanens arealdel er det etablert omsynssoner for landbruk, landskap og kulturmiljø. Tiltaket sikrar beiteressursane i fjellområda på ein god måte ved å legge strenge føringar for tiltak som ikkje går inn under LNF-føremål. Det er lagt til ekstra føresegner og retningslinjer for omsynssona frå Hedalsstølane til Javnlie.

### **1.2 Etablering av beiteutval**

Etablering av beiteutval er gjennomført. Det er årlege møter i beiteutvalet etter endt beitesesong, kor beitesesongen evaluerast. Aktuelle samarbeidspartar har vore beitelaga, fagлага, fjellstyret, Slidre sau og geit, Tine, Mattilsynet og det kommunale skadefellingslaget.

### **1.3 Utprøving av Elektroniske beiteklaver, med basis i rådande erfaring og kunnskap**

Det har vore gjennomført eit prosjekt på elektronisk overvaking på sau i Haldorbu, kor dei har fått tilskot gjennom ordninga *Tilskot til tiltak i beiteområde*.

Det har vore gjennomført eit prosjekt med utprøving av Elektroniske beiteklaver i Mellane beitelag. To ammekyr-besetningar har vore prioritert av beitelaget i utprøvinga. Dei har fått tilskot gjennom ordninga *Tilskot til tiltak i beiteområde*.

### **1.4 Bruk av jordbruksareal for å auke beiteverdiar og produksjon**

Dette tiltaket vart ikkje gjennomført i førre planperiode, og det har vore lite interesse rundt dette prosjektet. Administrasjonen vel difor å ikkje vidareføre tiltaket, og heller ha meir spissa prosjekt og tiltak i kommande planperiode.

### **1.5 Lage beitebruksreglar og gjennomgå rutinar i praksis, herunder rådgevinge tilpassingar**

I førre planperiode vart det lagt inn punkt om beitereglar knytt til regulering av beitesesongen og regime rundt sauehald. Dette vart ikkje gjort i førre planperiode.

Temaet vart drøfta i beiteutvalet, kor det er delt syn. Konklusjonen er at det synast ikkje til å vere ein prioritert aktivitet i nær framtid. Administrasjonen vel difor å prioritere andre tiltak, og vel å ikkje vidareføre dette i komande planperiode.

### **1.6 Kartløyising i Valdreskart (eventuelt Gardskart)**

Vegetasjonskartlegging er utført av NIBIO i delar av kommunen. Kartløyising i Valdreskart (origo) er viktig, som grunnlag for arealplanlegging og forvaltning generelt. Gjennomført vegetasjonskartlegging har derfor vore ynskja inn i Valdreskart, slik at det blir synleggjort for alle med interesser i områda. Vegetasjonskartleggingane som er gjennomført er synleg i offentleg kartdata, og er eit nyttig verktøy i arealbrukssamanhengar. Juridisk vurdering av utbyggingsavtaler som finansieringsgrunnlag til landbrukstiltak

Regulering og utbyggingstiltak kan i større eller mindre grad redusere beiteressursar i utmarka, og konfliktpar oppstår ofte der beitende dyr går nær utbygde område. Kompenserande ordningar ved utbyggingar kan derfor ha ein legitimitet. Kommunen praktiserer bruk av utbyggingsavtaler for mellom anna å finansiere opp ulike tiltak som følgjer etter utbyggingar, og dessutan for å utvikle og framme ynskjeleg infrastruktur i hytteområda. I handlingsplanen blir det lagt inn eit tiltak for å gjennomføre ei juridisk vurdering av bruk av utbyggingsavtalemidlar til landbruket ved arealregulering til hytte-/fritidsformål. Ein tematikk kan vere konfliktforebygging i utmark.

Det har vorte gjort meir på dette tiltaket, men det kan truleg gjerast meir. Administrasjonen vel å ta dette ut av handlingsplanen i beitebruksplanen, men understrekar at utbyggingsavtaler skal ta for seg tiltak knytt til landbruk og konfliktforebyggande tiltak i framtidige utbyggingsavtaler. Det kan vere ei vurdering om utbyggingsavtaler på Beitostølen skal kunne bidra på finansieringa av drifta av heimrastgjerdet.

### **1.7 Aksjon for fjerning av farlege gjerde**

Kommunen har forsøkt å gjennomføre aksjonar på ulikt vis, med dårleg resultat. Det vart forsøkt ein piggtrådaksjon, kor dei som tok ned piggtråd kunne få 100 kr/kg innlevert piggtråd (m/ målekivering frå Valdres Metall). Dette vart annonsert breidt, men resultatet vart særst dårleg, med berre ein refusjon.

Det vart også forskøkt å gjennomføre ein testaksjon i fjellet med arbeidslag for å fysisk fjerne nedgrodde gjerder, for så å køyre det vekk. Det var liten oppslutnad på dette prosjektet, med svært låg deltaking, og det verkar som at det ikkje var ein prioritet for beitebrukarane.

Administrasjonen vil i samråd med beiteutvalet sjå på andre løysingar for å redusere mengden farlege gjerde i heimstølområda og i fjellet i komande planperiode.